



Vinje kommune
Vinje helse og omsorg



Alkoholpolitiske retningslinjer Vinje kommune 2016 - 2020

Vedtak i Kommunestyret 3.april 2017 sak 12/2017

Sak 2016/1338, løpenr. 9128/2018

Erstattar alkoholpolitiske retningslinjer 2012 -2016. sak 2011/2358 og vedtekene retningslinjer
15.9.2016 sak 75/2016

Innholdsfortegnelse

Innleiing	3
Lovgrunnlaget.....	3
Alkoholgrupper.....	3
Aldersgrenser:	3
Tildeling av sals- og skjenkeløyver.....	4
Salsløyve:.....	4
Skjenkeløyve.....	4
Sals- og skjenketider.....	5
Sal.....	5
Skjenking	5
Skjenkestyrar	5
Gjennomføring av kunnskapsprøve om alkohollova.....	6
Skjenkeareal:	6
Overdraging av løyve.....	6
Gebyr for sal og skjenking:	6
Sanksjonar ved brot på lov og forskrift.	7
Prikkelastning :	7
Tildeling av 8 prikkar:	7
Tildeling av 4 prikkar:	7
Tildeling av 2 prikkar:	8
Tildeling av 1 prikk:.....	8
Internkontroll:	8
Delegasjon av mynde:	9

Innleiing

Vinje kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer skal sikre ansvarleg alkoholhandtering ved å

- regulere tilgjenge
- sette vilkår for sals- og skjenkeløyver
- føre kontroll med løyvehavarane.

Kommunen sine retningslinjer tek utgangspunkt i lov og forskrift, i tillegg til kommunale alkoholpolitiske prioriteringar slik dei kjem fram i alkoholpolitisk handlingsplan.

Lovgrunnlaget

Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. (Alkohollova) regulerar tilgangen på alkoholvarer, m.a. gjennom ordninga med løyve, fastsetjing av vilkår for sal og skjenking og kontroll med løyvehavarane. *Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv.* (alkoholforskrifta) legg rammer for omsetjing, løyve, skjenking og sanksjonar.

Det er krav om løyve for all omsetjing av alkohol. Kommunen regulerar mykje av den legale tilgangen av alkohol til forbrukarane gjennom sin praksis for vedtak om sals- og skjenkeløyver.

1. Alkoholgrupper

Alkoholfri drikk: drikke med < 0,7% alkohol
Alkoholsvak drikk: drikke med mellom 0,7 og 2,5% alkohol
Alkoholhaldig drikk Gruppe 1: mellom 2,5% og 4,7% alkohol
 Gruppe 2: mellom 4,7% og 22% alkohol
 Gruppe 3: mellom 22% og 60% alkohol

2. Aldersgrenser:

Drikk med < 0,7% alkohol: ingen aldersgrense
Drikk med < 22% alkohol: 18 år
Drikk med >22% alkohol : 20 år

3. Tildeling av sals- og skjenkeløyver

Før fast sal - og skjenkeløyve blir gjeve, skal det ligge føre fråsegn frå Politi, Skatteetat, Mattilsynet, Kommuneoverlege, økonomisjef og Vest-Telemark Brannvesen.

Arbeidstilsynet skal ha kopi av løyve som er gitt.

Salsløyve:

Daglegvareforretningar søker eiga løyve for sal av alkohol i Gruppe 1.

Det er ikkje høve til å gje salsløyve for alkohol til kiosk og bensinstasjon. (Forskrift av 8.juni 2005, nr. 538)

Vinmonopolutsalet skal ha løyve til å selje både sterkøl, vin og brennevin.

Skjenkeløyve

Alle som søker om fast skjenkeløyve må ha godkjend serveringsløyve.(jfr merknader til Alkohollova 1.4a.3 og §2 i serveringslova) Bevillinga gjeld for eit særskild lokale og ei særskild type verksemd. Løyve kan for eit enkelt høve- etter søknad, utvidast til å gjelde også utanfor det skjenkeområde som er godkjend.

Skjenkeløyve kan gje rett til skjenking av alkohol i Gruppe 1 og 2 til:

- Vegkroer, samfunnshus og andre skjenkestader.
- Turist- og høgfjellshotell og andre overnattingsstader, til skjenking av alkohol i Gruppe 1,2 og 3(øl/rusbrus, vin og brennevin).
- Andre bedrifter enn hotell og overnattingsstader kan og få løyve til å skjenkje alkohol i Gruppe 3 i samband med mat - servering.
- Båt i chartertrafikk skal søkje kommunen om skjenkeløyve. Rutetrafikkdelen skal ha løyve av Fylkesmannen.
- Ambulerande skjenkeløyve kan gjevast til slutta selskap (med gjesteliste) jf alkohollova §4-5.
- Tidsavgrensa skjenkeløyve kan gå til einskilde opne tilskipingar for eit enkelt høve i opp til 10 dagar (t.d. vinterferie / påskeferie). Dei tidsavgrensa skjenkeløyva skal utførast innanfor avgrensa område og med 18 års aldersgrense.

Ved vedtak om ambulerande og tidsavgrensa skjenkeløyve skal det ligge ved ei liste med krav til gjennomføring av tilskipinga. Skjenkestyrar skal vera over 20 år.

4. Sals- og skjenketider

Sals- og skjenketidene skal vere samordna med grannekommunane for å unngå uheldig konkurransevriding. Dette vil og vere med på å bidra til eit trygt uteliv med omsyn til trafikk mellom skjenkestader i regionen.

4.1. Sal

Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje frå kl. 08.00 til kl. 20.00. På dagar før son- og heilagdagar skal salet opphøyre kl. 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag, salet skal då opphøyre kl. 15.00. Sal og utlevering av drikk som nemnt i første ledd skal ikkje skje på son- og heilagdagar, 1. og 17. mai.

4.2 Skjenking

I medhald av alkohollova og hotellova av 3. juni 1983 med forskrifter har kommunen slike skjenketider for alkohol i Gruppe 1,2 og 3:

- Skjenking av alkohol i Gruppe 1 og 2 frå serverings- og skjenkestader med slikt løyve, er tillatt i tidsromet kl. 12.00 – 02.00.
Konsum av utsjenka alkoholholdig drikke må opphøyre seinast 30 min. etter skjenketidas opphøyr og gjester må forlate lokalet.
- Skjenking av alkohol i Gruppe 3 frå serverings - og skjenkestader med slikt løyve, er tillatt i tidsromet kl. 16.00 – 02.00.
Konsum av utsjenka alkoholholdig drikke må opphøyre seinast 30.min etter skjenketida har opphørt og gjester må forlate lokalet.
- Innskrenking av stengetid for skjenking på uteområde, må vurderast ut frå eventuell sjenanse for nabomiljøet.

Skjenking på overnattingsstader, turist- og høgfellshotell:

- Skjenking av alkohol i Gruppe 1 og 2 er tillatt i tidsromet kl. 12.00 – 02.00
- Skjenking av alkohol i Gruppe 3 er tillatt i tidsromet kl. 13.00 – 02.00.
- For overnattingsgjester kan det skjenkast alkohol i Gruppe 1 og 2 utan avgrensingane over. Dette føreset at skjenking til overnattingsgjester skjer utanfor overnattingsstaden sine ordinære skjenkestader (t.d. i resepsjon eller på rommet i form av minibar). Det må koma fram av løyvet at det gjeld to ulike slag gjester; dei som overnattar og dei som ikkje gjer det (jf. merknader til Alkohollova 4.4.6.)

Musikk og anna støy som ein kan styre, må opphøyre ved uteservering kl.23.00 på kvardagar før vanleg arbeidsveke og sundagar, og kl.24.00 på fredag og laurdag. Kommunen kan i særlege høve gje dispensasjon frå desse reglane.

5. Skjenkestyrar

Skjenkestyrar og varaskjenkestyrar med løyve må vera tilsett i verksemda eller arbeide der i kraft av ei eigarstilling.

Som skjenkestyrar kan ein berre peike ut ein som har styringsrett over sal eller skjenking og ansvar for å føre tilsyn med utføring av løyvet.

Ein person kan ikkje vera skjenkestyrar på meir enn ein stad. Om særskilte høve tilseier det, kan ei bedrift med 2 løyver, dele på dette og vera skjenkestyrar ein stad og varaskjenkestyrar den andre.

Skjenkestyrar og varaskjenkestyrar må framvise politiattest og ha uklanderleg vandel jf. høve til alkohollova og andre relevante lovar som har samanheng med alkohollova sitt føremål.

Kommunen skal godkjenne skjenkestyrar og varaskjenkestyrar.
Både skjenkestyrar og vara-skjenkestyrar må vere over 20 år.

6. Gjennomføring av kunnskapsprøve om alkohollova

Alle styrarar og vara - styrarar i verksemder som har, eller som søker om kommunalt sal - og skjenkeløyve, skal ha gjennomført kunnskapsprøve om alkohollova i samsvar med forskrift fastsett av Sosial- og helsedepartementet.

Prøvestad i kommunen er Tenestetorget.

7. Skjenkeareal:

Ved endring av skjenkearealet, må det søkjast om dette.
Gjester kan ikkje ta medbrakt drikke inn i skjenkelokalet.

8. Overdraging av løyve

Ved overdraging av verksemda eller ein dominerande del av aksjane, fell løyvet bort.

Ny eigar kan drive midlertidig på det gamle løyvet i inntil 3 månader etter overdraging på fylgjande vilkår:

- Kommunen har fått melding om overdraging før det skjer
- Ny eigar søker om nytt løyve seinast 30 dagar etter overtaking
- Skjenke- og vara-skjenkestyrar har godkjend kunnskapsprøve

9. Gebyr for sal og skjenking:

Avgifter for sal av alkohol i Gruppe 1 og skjenking av alkohol i Gruppe 1,2 og 3, skal krevjast inn for eitt år om gongen på grunnlag av forventa omsett alkoholmengde, jfr. Forskrift av 11. desember 1997 nr. 1292 om omsetning av alkoholholdig drikk.

Avgiftene skal dekke utgifter til kontroll og til kommunens arbeid for å redusere og motvirke alholrelatera skader.

Gebyret fylgjer satsar jf alkohollova § 6-2. (sist justert per 01.01.2016)

Salg:

- 0,20 kr pr. vareliter for alkoholholdig drikk i gruppe 1

Skjenking:

- 0,44 kr pr. vareliter for alkoholholdig drikk i gruppe 1
- 1,18 kr pr. vareliter for alkoholholdig drikk i gruppe 2
- 3,87 kr pr. vareliter for alkoholholdig drikk i gruppe 3.

Bevillingsgebyret utgjør pr. år minimum kr 1540 for salg og kr 4800 for skjenking. Bevillingsmyndigheten kan likevel i særlege tilfeller bestemme at gebyret skal settes lavere. For ambulerende bevilling kan bevillingsmyndigheten kreve et gebyr på inntil kr 340 pr. gang.

10. Sanksjonar ved brot på lov og forskrift.

Kommunen har ansvaret for å føre kontroll med at løyvehavar forvaltar sitt løyve forsvarleg og at internkontroll ved sals- og skjenkestadene blir ført forsvarleg.

Sanksjonar fylgjer av alkoholforskrifta kap 10:

§ 10-2. Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevilingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.

Dersom bevilingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.

Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn.

Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

Løyvehavar som har fått prikkbelastning, vil ikkje automatisk få fornya løyvet for ny fireårsperiode, og må søke på nytt.

Ved prikkbelastning blir det løyvehavar tilskriven med melding om å rett opp tilhøva innan 2 veker. Om ikkje mangelen er retta innan fristen/neste kontroll får løyvehavar ny prikkbelastning.

Ved 8 prikkar i løpet av eit år, skal løyvet bli inndratt for ein periode.

Om tildeling av prikkar fører til inndraging av løyve, skal kommunen sende ut førehandsvarsel jf Forvaltningslova § 16. Iverksetting av inndraging bør skje innan fire veker etter at varsel er gitt.

Andre tilhøve som kan medføre inndraging av løyve:

- Manglande innsending av revisorbekrefta omsetjingsoppgåve eller betaling av gebyr for løyve jf kommunens frist inntil betaling føreligg. Ved gjentekne brot på retningslinene om dette kan inndraging bli varig.
- Sal av smuglarvarer og bruk av ulovleg arbeidskraft.

Ved brot på straffeloven, kan politiet stenge lokale umiddelbart i ein avgrensa periode.

I tillegg seier serveringsloven § 20, at politiet skal stenge bedrifter med servering som ikkje har gyldig serveringsbevilling. Politiet kan stenge ein stad som driver sal eller skjenking av alkoholhaldig drikk utan å ha bevilling. Politiet kan stenge ein sals- eller skjenkestad for inntil to dagar når det er naudsynt for å hindre forstyrring av offentleg ro og orden ,for å ivareta tryggleiken til einskilde og ålmenta eller for å hindre lovbro.

10.2 Prikkbelastning :

(fylgjer av lov og forskrift)

10.2.1. Tildeling av 8 prikkar:

- sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år (jf Alkoholova §1-5 2.ledd)
- brot på bistandsplikta jf §4-1 i alkoholforskrifta
- brot på kravet om forsvarleg drift jf alkoholova § 3-9 og §4-7
- hindring av kommunal kontroll jf alkoholova §1-9

10.2.2. Tildeling av 4 prikkar:Sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmiddel jf. §3-1 i alkoholforskrifta, skjenking til person som er eller antas å bli openbart påverka av rusmiddel , jf §4-2, 1 ledd i alkoholforskrifta.

- Brot på sals-, utleverings og skjenketidsreglane jf alkoholova §3-7 og §4-4
- Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf alkoholova §1-5, 1. ledd.

- Brot på alderskravet til den som sel, utleverar eller skjenkar alkoholhaldig drikk jf alkohollova § 1-5, 3. ledd

10.2.3. Tildeling av 2 prikkar:

- Løyvehavar gir person som er openbart påverka av rusmiddel adgang til lokalet, eller syter ikkje for at person som er openbart påverka forlater staden jf §4-1 i forskrifta.
- Manglar ved internkontrollen hjå løyvehavar
- Manglande levering av omsetjingsoppgåve innan den frist kommunen har sett. Kommunens frist blir sett til 1. februar påfylgjande år.
- gjenteken diskriminering jf alkohollova §1-8,2. ledd
- Manglande betaling av gebyr for løyve innan den frist kommunen har sett. Kommunens frist blir sett til 1. mars.
- Brot på krav om styrar og varastyrar jf alkohollova §7-1c.
- Gjenteke narkotikaomsetjing på skjenkestaden jf. alkohollova §1-8,2. ledd
- Brot på reklameforbodet jf alkohollova §9-2 jf kap 14 i alkoholforskrifta.

10.2.4 Tildeling av 1 prikk:

- Brot på kravet om alkoholhaldige alternativ jf § 4-6 i alkoholforskrifta.
- Brot på kravet om skjenkemengde jf §4-5 i alkoholforskrifta
- Konsum av medbrakt alkoholhaldig drikk jf §4-4 i alkoholforskrifta.
- Gjester tek med seg alkohol ut av lokalet jf §4-4 i alkoholforskrifta
- Brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk jf § 3-3 i alkoholforskrifta
- Brot på vilkår i løyvevedtaket jf alkohollova §3-2 og 4-3

11. Internkontroll:

- Alle sal - og skjenkestader med fast løyve skal ha internkontrollsystem som stettar alkohollovas krav.
- Kontrollørselskapet har laga ein internkontroll-perm for kommunen som alle bedriftene er pliktige til å oppdatere minimum 1 gong i året i lag med alle tilsette.
- Kontrollørane går igjennom permen med nye bedrifter som har sal og - skjenkeløyve.
- Permen skal vera kjend og tilgjengeleg for alle dei tilsette som har med sal eller skjenking av alkohol å gjera.
- Permen skal synast fram til kontrollør ved førespurnad.
- Løyvehavar er pliktig å møte på informasjonsmøte med kommune og kontrollørar ein gong i løyveperioden. Det blir arrangert årlege møte.

12. Delegasjon av mynde:

Kommunestyret gjer vedtak om faste bevillingar for kommunestyreperioden (4 år) under føresetnad av at alkoholpolitikken er drøfta innan 30. september året etter konstituering.

Oppvekst og velferdsutvalet har rett til å ta avgjerd i saker om:

- Søknader om sal - og skjenkeløyve i perioden (mellom hovudtildelingane).
- Permanent utviding av skjenkestader.
- Flytting til nye lokale.
- Endring av driftsform
- Inndraging av løyve
- Inndraging av løyve der løyvehavar har oppnådd meir enn 8 prikkar i løpet av eit år.

Rådmannen (eller den han gjev fullmakt til) er delegert ansvaret for:

- Tildeling av, og oppfylging av prikkbelastning med konsekvensar jf retningslinene
- Avgjerd i saker om tidsavgrensa løyve for inntil ti dagar.
- Godkjenne ny skjenkestyrar og varaskjenkestyrar ved skifte i løyveperioden.
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for eit enkelt høve.
- Avgjere saker om ambulerande skjenkeløyve til slutta selskap.
- Å registrere og vedlikehalde opplysningar i Bevillingsregisteret på <http://www.helsedirektoratet.no>
- Å informere politi og kontrollør ved tap av løyve.